

## Tryskjeverket flytta frå Rød til løe på Leite.

22.09.2016



Tryskjeverket vert flytta frå løna på Rød, med god hjelp av Trond og Asbjørn Olsen.

**I dag vart eit klenodie av ein redskap, Tryskjeverket, flytta frå Rød til den gamle løa på Leite. Uskedal Trøskjelag vart oppløyst i 1990 og tryskjeverket vart overdrege til Bygdetunet Rød,- som eit grunnlag for ei redskapssamling i Uskedalen.**

Tryskjeverket har vore i bruk på nokre museumsdagar, men elles har det vore lagra i løa til Leif Magne Framnes, no Siv Framnes. I haust vert løa tømd for det som tilhøyrrer bygdetunet. Styret for Rødstunet har lukkast å finna mellombels plass i løa til Hans Reidar Kjærland på Leite.



[Tryskjeverket rullar inn på tunet på Leite og vert plassert i løa til Hans Reidar Kjærland.](#)

Det er uvisst kva som skjer med mykje av det som har vore lagra på Rød. Det gjeld mellom anna tømmeret frå Tingstova frå bruk 14 på Myklebust, der Runar Myklebust med familien bur og driv gard. Det gjeld også mange gardsredskapar og ikkje minst grindverket frå ei løe på Årsnes. Nokre hesteredskapar er også lagra i løa til Frode Stensletten, før Hilda og Kåre Guddal. Dette skal plasserast på nytt.

Uskedal Bondelag vert kontakta for å finna ei løysing på plassering. Ei gardssamling i Uskedalen vil vera interessant for bygda og for næringa, ikkje minst sett i samanheng med den store motorsamlinga til Trond og Asbjørn Olsen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal